



Sakral song på katolsk messe.

Som ein lekk i 30-årsjubileet til Røysterett for Alle sto ein tur til Krakow i Polen på agendaen 13.-16. september. Det vart ei opplevingsrik langhelg i ein region med ei svært så variert og interessant fortid og notid. Turnemnda hadde, saman med reisebyrået, fått snikra eit opplegg som femna det meste, både historie, kultur og det å oppleva byen og interessante stader i området rundt.

Me landa på Krakow lufthamn torsdag klokka 12.30, og alt klokka 16.00 var me i gang med byvandring i Gamlebyen. Ursula, guiden vår, leia oss gjennom alle dei programmerte delene desse dagane. Ho hadde budd fleire år i Sverige, og snakka svensk så godt som utan aksent. Når ho i tillegg var ei svært triveleg dame som delte raust ut frå eit kunnskapstilfang som verka utømeleg, kunne ikkje utbyttet vorte betre.

Den to timar lange vandringa gjennom Gamlebyen enda opp med ein konsert på det vesle torget bak Mariakyrkja. Det var ein heil del folk til stades då me byrja, og det samla seg fort fleire. Akustikken på torget var god, og me fekk svært god respons frå publikum. Når me i tillegg var godt nøgde med eigen prestasjon, gjekk me trøstig til middag den kvelden.



Gode varer til torgs

Neste dag sto saltgruvene i Wieliczka, i utkanten av byen, for tur. Her har det vorte vunne ut salt i fleire hundre år. Gruvene er over 135 m under bakken på det djupaste, og systemet avgangar er fleire mil lange. Den djupaste delen av gruva er det hogge ut ein stor katedral. Her hadde me ein konsert på 10-12 minuttar, og det var ganske spesielt å syngja på ein slik stad. Det var god atterljom, og dirigent Maria fann songar som høvde godt i eit slikt lokale. Etter ei variert vandring, med god informasjon i ganske uvante omgjevnader, kom me opp att i dagsens ljøs etter vel to timar.

Midt på dagen var det avslapping eller shopping, alt etter lynne og hug, før det bar til St. Nicolaskyrkje, eit kvarters gange frå hotellet. Me hadde heldigvis god tid til førebuing og oppvarming, for det er mykje røystebruk som skal tilpassast i store rom med steinvegger og krikar og krokar. Klokka 18.00 song me litt til liturgien i fredagsmessa, før me hadde ein tre kvarters konsert for dei som vart att etter messa. Konserten var annonsert ved oppslag, og det var minst like mange til stades under konserten som under messa. Det var ei oppleving å synga i ein slik hall og tilhøyrarane ga inntrykk av å setja pris på songane. Me hadde ei kjensle av at sjølve utføringa gjekk vel, og middagen, som denne kvelden var i Ariel Restaurant i Jødisk Kvartal, vart difor fortært med godt samvit.

Laurdagen starta tidleg med bussavgang kl. 06.20 til Auschwitz og Birkenau. Desse utryddingsleirane frå andre verdskrigen er vel kjende. Eg avgrensar meg difor til å seia at det vart skræmmande og nært å få sjå dimensjonar, detaljar i systematikk, og kor effektiv, brutal og full av ondskap gjennomføringa hadde vore. Alle brukbare eignelutar vart overtekne av Det Tredje Riket, og til og med håret til fangane vart klipt av og nytta i klede. Då drifta var på det høgste, hamna over 9 000 menneske i krematorieomnane dagleg i leiren Birkenau. Stemninga i bussen attende til byen var ganske lågmælt.

Resten av dagen var til fri disposisjon i byen, og på kvelden hadde me ein fin avskilsmiddag på restaurant Szara Ges (Grågåsa) i Gamlebyen. Denne restauranten kan me verkeleg gå god for!

Det var ein sliten, men vel nøgd gjeng som plukka med seg bagasjen på Flesland klokka halv to på sundag.

Torsdag klokka 19.00 snur me bladet og tek til med øvingar på nytt stoff i Helgheim. Dette vil vera eit strategisk lurt tidspunkt å starta på for nye medlemmer. No stiller me likt med omsyn til kjenskap til stoffet, og de er meir enn hjarteleg velkomne!

Tekst: Svein Rimestad
Foto: Magnar Bjørke
Nett: Kristian Bringdal